

Merknader til 2. gongs høyring av Fitjar trafikktryggingsplan (ut frå mottekne vedlegg etter høyringsfrist 21.11.2021, samt merknader som ikkje kom med i førre runde)

Nr	Merknad	Kommentarar frå konsulent/kommune
1	<p>Dåfjorden næringsforum (DNF) har følgjande tilbakemelding:</p> <ul style="list-style-type: none"> •Dåfjordvegen har i lengre tid hatt store behov for oppgradering. DNF er svært nøgd med at gang og sykkelveg (L1 standar) langs Dåfjordvegen (fylkesveg 5068) er kome med i planen, samt prioritering av hjartesoner kring skulane i kommunen. •DNF skulle gjerne sett meir utfyllande vurderingar av fylkesveg 5068 i planen, då omtale spesielt for denne vegstrekninga er noko mangelfull. •DNF etterlyser oppdaterte trafikkstal for fylkesveg 5068. Trafikkstala for Dåfjordvegen er ikkje oppdaterte sidan førre plan, kun oppgitt ved skulen og basert på stipulering. •Vegen i Fiskaneset er utegløymt som kommunal veg. •Punktutbetringar av siktsoner kring skulen frå førre plan er særskilte og bør utbetrast som strakstiltak 	<p>Syner til merknad 302 og 303 i oppsummering av innspel til revisjon av trafikktryggingsplanen (vedlegg til 2.gongs høyring).</p> <p>Det vil ikkje bli oppdatering av trafikksteljingar for vegane.</p> <p>Vegen i Fiskaneset oppdaterast som kommunal veg i trafikktryggingsplanen og vil bli innmeldt til Statens vegvesen.</p> <p>Det er sett av midlar til og høgt prioritert å utbetra siktsoner ved skulen (sjå merknad 302 og 303).</p>
2	<p>Frå Katrine Aarbø Solheim: Hei. Etter å ha lese trafikktryggingsplanen har eg nokon innvendinger ang prosjektet Tveitatræ-Rydland rv 545. Tenker det hadde vore betre å "dele" prosjektet opp i tre, så ein fekk utbetre og laga g/s-veg der det bur folk og som er skulevegar dvs: Årbø frå 80 skiltet til Rydland krysset, og Tveita så langt det er hus. Dette er dei viktigste strekningane å sikre då det bur folk der og det er skuleveg, det er òg mykje billigere enn strekninga frå sagbruket til 60 sona på Årbø. Strekninga i 80 sona burde takast som eit eige prosjekt, men her burde absolutt fartsgrensa vore redusert til 60km/t slik at ein fekk ei samanhengane 60 sone frå Fitjar og til forbi Rydland krysset. Det kostar veldig lite å gjerne 4 skilt samstundes som det gjer vegen mykje mindre farleg til ein får utbedra der òg.</p>	<p>Syner til merknad 304 og 306 i oppsummering av innspel til revisjon av trafikktryggingsplanen (vedlegg til 2.gongs høyring).</p> <p>Inndeling av parsellar ved utbygging av gs-veg på omtala strekning er noko kommunen må vurdere og avgjera når ein startar opp planarbeid for dette.</p>
3	<p>Frå: Osternes grendalag. Brev datert 19.08.21</p>	<p>Denne merknaden er trekt (i høve til epost frå Torhild H. Skumsnes 01.11.21</p>
Merknader etter 2. gongshøyring		
5	<p>Frå: Harry Skålevik Gjeld kap. 4.6 «Trafikktryggleik på sjø». Gjeld særleg sjøområdet ved Kalveid der ein ønskjer fartsregulering til 5 knop.</p>	<p>Trafikktryggleik på sjø vil bli vurdert som eit eige prosjekt i planperioden. Ei eiga fartsregulering i sjøområdet ved Kalveid vil ikkje bli utført.</p>

6	<p>Frå: Viltnemda Fitjar</p> <p>Fyrst dei enkle tiltaka som kan gjerast utan dei store kostnadene:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Hogst langs veg, for meir/betre sikt langs veg. • Det er mykje jordbruksareal (eng og beite) langs veg , desse områda bør ein sikre betre med gjerde. • Meir og betre lys langs veg . • Skilt, fareskilt med lys på dei plassane hjorten kryssar veg. <p>Så var det dei tiltaka som kostar noko meir:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Planfrie krysningar, over og undergangar. • Gjerde langs heile eller delar av vegstrekket Sandvikvåg - Leirvik. 	<p>Fitjar kommune ønskjer at tiltaka vert tatt med i trafikktryggingsplanen og at dei vert prioritert av Statens vegvesen. Hausten 2021 blei det i ein periode på 10 dagar påkøyrse av 10 hjort på E39 nord på øya i følgje landbrukskontoret.</p>
7	<p>Frå: Terje V. Vestvik</p> <p>1) FV 5070, Skålavikvegen er skilta som 40km/t sone. Der er stor trafikk både med store og små bilar, samt mjuke trafikantar. Det bør etablerast ein fartsdempar ved starten av denne vegen ved "Gamla meieriet"/Engesund Fiskeoppdrett og ein på området gnr/bnr 63/2 før nedkjøringa til Hegraneset.</p> <p>2) Skilt med 50km/t sone flyttes til utafor innkjøringa til Vestre Prestbøvegen. Evt til der det er fysisk skilje mellom bilar og mjuke trafikantar.</p> <p>Det er mykje folk som ferdast på fortoget, både syklistar og gåande, og det er berre ein låg fortogskant og farten på bilane er oftast høg.</p>	<p>Sidan dette er fylkesveg og under adm. av VLFK må dette meldast inn som innspel til dei og kjem på lista over prioriteringar som fylket gjer i høve til heile fylkesvegnettet.</p> <p>Her er det skilje mellom køyreveg og mjuke trafikantar på store delar av strekninga.</p> <p>Punkt 1: Fartsdump vert tatt med som forslag i trafikktryggingsplanen.</p> <p>Punkt 2: Fitjar kommune vurderer at dette ikkje skal endrast.</p>